

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Mai 2014

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

| | |
|--|----|
| Leiaren har ordet | 3 |
| Rolf Bjørge: Den andre mannen | 5 |
| Jon Solem: Hauge og eg | 9 |
| Mitt liv med Hauge – intervju med Knut Hamre | 14 |
| Randi Råstad: Frode G., Olav H. Halldis M. | 19 |
| Siste nytt frå Bodil Cappelen | 24 |
| Vedtekter | 27 |



Leiaren har ordet

Tema for denne utgåva er ”Mitt liv med Hauge”. Styret etterlyste personlege tekstar frå alle som ville dela tankar og røynsler om kva Hauge har tydd for dei.

Fyrst ut er Rolf Bjørge med teksten ”Den andre mannen”. Han er 53 år gamal. Opphavleg stril frå Nordhordland, og bur no i ei lita skrivestove med gras på taket ved Jølstravatnet i Jølster, Sogn og Fjordane. Han byrja skriva seint i livet, i 2010, nærare 4.februar, kl. 14:10. (!) Han hevdar han ikkje duger til noko verdsleg arbeid, men skal nytta resten av tida si i denne verda til skriving. Han deler raust og ope med oss korleis fyrste møte med Hauge fekk han til å innsjå kva som er meininga med livet.

Vidare møter vi Jon Solem, Født 1970, busett i Rindal på Nordmøre. Han er utdanna cand.philol med hovudfag i historie. Jon har vore gardbrukar og frilansar mesteparten av sitt yrkesaktive liv, og arbeider no som lektor i den vidaregåande skulen. I teksten ”Hauge og eg” reflekterer han kring livssoga til Hauge, kva han kjenner seg att i, og korleis Hauge har hjelpt å forstå kven han sjølv er.

Felespelaren Knut Hamre kjende Olav personleg. Fyrste gong han såg Hauge gjorde stort inntrykk på han. Knut hugsar han som ”ein mann med ei djup og myndig røyst.” I dette intervjuet deler han røynsler om venskapen med Hauge og på kva måte Hauge og diktinga til Hauge har påverka hans eige liv og arbeid.

Styremedlem Randi Jåstad fekk inspirasjon til ein tekst etter eit arrangement i regi av Venelaget på biblioteket i fjor haust. Tema for kvelden var ”det heimlege og det universelle” i Hauge sitt språk. Frode Grytten peika på at alle forfattarar har sin geografi, som inkluderer både heimstaden og alt kulturelt drivgods ein har tileigna seg gjennom sitt skrivande liv. Her får vi ein skarpsynt analyse av intertekstuelle relasjonar mellom Grytten sitt dikt ”Berjafлот gravplass” og ”Soldag i Mars” av Hauge.

Bodil Cappelen arbeider for tida med utgiving av *Dagbok, i utval* for den utanlandske marknaden. Vi får siste nytt om korleis dette går og er spent på resultatet.

Elles vil eg nytta høve til å reklamere litt for Folkeakademiet Hordaland, som vi har etablert eit samarbeid med. Dei er med og stør Venelaget sin programpost på Ulvik Poesifestival. Festivalen går av stabelen 5.-7. september i år, med offisiell opning den 4. Vi vonar dei som har høve tek turen for å sjå og høyra eit litterært og musikalsk samarbeid mellom kunstnarane Geir Botnen, Benedicte Maurseth, Arnhild Litlere, Knut Markus og Arild Helleland i Elvatun laurdag 6. Medlemer får rabatt på inngangsbilletten.

Til slutt vil eg på vegne av styret retta stor takk til alle som har bidrege, og ynskjer alle medlemene våre god sommar!

-Theresa-

DEN ANDRE MANNEN

Olav H Hauge, hefte I, mars 1924:

DAGBOKORD Ein tanke slo meg her um dagen: eg skal føra dagbok, det vil verte hugnad med den. – Ja, ikkje dagbok i vanleg meining – versjaa, hendingar, handel og vandel, kjøp og sal. Nei, ei dagbok yver tankar og hugskot – ei aandeleg dagbok, – og meir sligt som kan vere verdt aa minnast.

Det treng ikkje vere kvar dag, fylgjestrengt med dagetal og sligt.

– Det fær vera naar eg hev tid, og elles um helgedagane soleis.

– Det kan no vera ein grand hugnad med det. Men eg maa ha papir, best vilde det vere um eg kunde faa fat i ei stor linjebok, – lat meg sjaa paa det! –

– Og kanskje kan eg med det same, og i same boki rite ned meiningar um ymse bøker soleis.

Lat meg tenkje paa det! –

Fjerde februar tjueti, klokka fjorten, sette eg meg ned på ein stol i eit rom i eit hus ein stad i Kalfaret i Bergen. Skrivekurs. Seks menneske sat rundt eit bord. Seks menneske som skulle ta del i eit skrivekurs. Kvifor sette eg meg ned med dei? Kva skulle eg på slikt eit kurs? Eg visste ikkje. Men no veit eg, lagnaden ville det slik.

Tidleg i januar tjueti hende noko i meg. Kaos i hovudet. Depresjonar og angst. Tankar om å gjera ende på alt. Mange år med tungt mentalt slit enda opp med akutt opphald ved ein klinikk i Bergen. Seks veker i paradys. Noko av det største som hende meg under opphaldet var at gode menneske kom inn på rommet mitt, smila og baud meg skiver med brunost og syltetøy, eit glas kald mjølk og ein kopp med kaffi. Det var under dette opphaldet at eg fekk tilbod om kursing i diverse, som t.d. rosemåling, data, keramikk, måling og skrivning. Eg tenkte at – jaja, får vel melda meg på eit kurs då, mest for å syna positive haldningar og for å få tida til å gå. Seks veker ved ein klinikk er ei stund. Slike kurs er visst viktige å ta del i, seier dei. Kvaliteten på kurs i regi av institusjonar er ikkje all verda. Eg skreiv opp, i prioritert rekkefølge, ønskje om kurs i rosemåling, data og skrivning. Morfar min og mor mi dreiv baa to med rosemåling. Eg tenkte då at det kunne vera noko for meg. Data er vel alltid godt å kunna? Skrivekurset skreiv eg som siste alternativ, berre for å fylla ut slippen. No synte det seg at

korkje rosemåling - eller datakurset fekk nok påmeldingar til å starta opp. Vel, så vart det skrivekurs då.

Og der sat eg, fjerde februar tjueti, klokka fjorten, på ein stol, i eit rom i eit hus ein stad i Kalfaret i Bergen, saman med fem andre menneske og skulle ta til med skrivekurset. Nokre mumla lettare nervøst rundt bordet. Ingen lærar var komen. Eg skjønna fort at her var det ei forsamling av sarte individ. Brått opna døra seg. Inn stega ein ung mann med raudleg hår, tweedjakke og skulderveske, – *unnskyld at eg e sein*, vimsa kroppen, og mumla vidare noko om eit eller anna medan han rota i skulderveska etter eit eller anna, – *eg e altså Erlend Nødtvedt*, klang det på umiskjenneleg fyllingsdalsk.

Han, Erlend O. Nødtvedt, skulle læra oss å skriva, stakkars ungdomen. Eg hadde då skrive litt før, stilar, sær oppgåver og slikt, men no skulle eg læra å skriva poesi og prosa! Poesi? Prosa? Framandord for meg! Den mest høgverdige litteraturen eg hadde skrive var ei sær oppgåve om Morgan Kane på gymnaset (fekk 4). Følgjeleg var Morgan Kane, ja, og Diablito litteraturen eg hadde lese (nokre heite liner frå *Sangen om den røde rubin* av Mykle frå boka som låg gøymd i mors klesskåp, lyt eg vel ta med!). Nødtvedten leverte ut eit ark med eit dikt på. Namnet på forfattaren hadde eg høyrte om i radioen i game dagar; Olav H Hauge. Eg lydte aldri etter når han las opp, men eg hugsar namnet godt. Kvifor? Veit ikkje. Berre lagnaden veit. Diktet på arket byrja med lina ”*Det er den draumen me ber på...*”. Rett nok hadde også eg vore gjennom lidingane frå skuletida der oppgåva byrja med ”drøft dette diktet”, og aldri let ringjeklokka betre enn i dei timane. ”...*at noko vedunderleg skal skje/ at det må skje – ...at tidi skal opna seg/ at hjarta skal opna seg...*” las eg inni meg med trykk på *tidi* og *hjarta* ”... *at dører skal opna seg/ at berget skal opna seg ...*” las eg, grov i tankemålet, med god pause etter *dører*, med stort trykk og lang pause etter *berget* (”berje” las eg) ”... ”...*at kjeldor skal springa...*” god pause etter *kjeldor*. Kvifor sat eg der og las dette diktet av Olav H Hauge? Kvifor nett han? Kvifor nett dette diktet? Eg såg munnar som snakka lydlaust rundt bordet, eg såg nokre augo.”... *at draumen skal opna seg...*” las eg med tjukkaste skarpe r'en som er gjennom våte augo. Noko i meg bivra. Noko i halsen vaks. Noko stråla frå ein stad eg ikkje visste om i magen, mellom milten og galleblæra ein stad, der sjela bur og utover i heile kroppen, varme bølger av noko slag. Draumen bølga gjennom kroppen, gjennom sjela. Fjerde februar, tjueti, klokka fjortenti, byrja alt, byrja tida att, byrja hjarta slå att, opna dører seg, opna *berje* seg,

kjeldene i meg byrja springa att etter å ha vore avstengde i fleire år. Visste du dette, du framande, raudhåra, unge fyllingsdøl? Visste du at eg var daud? Visste du? Nei, eg trur ikkje du visste, trur ikkje du veit, eg trur at berre lagnaden visste at eg trong orda, at eg trong diktaren frå Rossvoll.

Eg tok til å leva etter dette første møtet med Olav H. Endeleg fekk eg gripa tak i livlina. Ein tynn, men ovleg sterk tråd å hengja livet mitt i. Med eitt fann eg meininga, sjølv meininga med resten av tida mi. Eg lyt skriva. Olav H Hauge har vorten min ”mentor in memoriam”, mi leiestjerne. Eg byrja lesa litt av verka hans. Nokre dikt, men først og fremst dagbøkene hans, fire tusen sider fordelt i fem band. Eg dukka inn i livet hans, i lagnaden, i mennesket. Side opp og side ned i *ei dagbok yver tankar og hugskot – ei aandeleg dagbok, – og meir slikt som kan vere verdt aa minnast*. Eg er ikkje ferdig med verket, vil aldri verta ferdig med det. Eg les opp og opp att. Her står så mykje! Her står om han, om den andre mannen, her står om oss, om menneska, om dyra, om fiskane, fuglane, her står så mykje om naturen, om verda, om tinga rundt oss, om tinga i oss. Her står om meg, om tinga eg ikkje visste om i meg, om tinga eg ikkje veit om i meg, om den andre mannen i meg. Her står alt eg treng vita om alt. No har eg band I framføre meg, slår opp ei vilkårleg side, side 274. Fingeren min dett ned ein stad midt på sida. I juli 1951 skreiv han; ”*DIKTAREN OG VERSELÆRA Ein klokskalle av ein boklærd set upp reglar for diktverk og kunstverk, skriv verselære og poetikk. Lat dei so gjera. Ein røyneleg kunstnar bryr seg ikkje meir um verselæra enn planta bryr seg um beskrivelsen av ein botanikar.*” Er ikkje dette ord frå ein retteleg vis mann? Og her er fire tusen sider med slikt! Heile verket er fullt av vise ord om alt, og om meg. Ein stor mann og ein ovleg stor diktar var han, gartnaren (han lika ikkje den merkjelappen. Han kalla seg sjølv ein vanleg arbeidsmann) frå Ulvik i Hardanger.

Under poesifestivalen i tjueti hadde eg ein lang samtale med Olav H ved grava hans. Samtale er vel ikkje rette ordet, *foredrag* er rettare. Han held eit fordrag på om lag ein time der eg sat på kne. Han var kjend for det, halda lange monologar for vindane, då helst for han tusul. Han las nokre dikt til meg, m.a. *Under Bergfallet, Din Veg, Spør Vinden, Mange års røynsle med pil og boge*. Då me skulle seia far vel, for denne gongen, avslutta han med diktet *Det er den Draumen*:

*Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje visste um.*

Mange brev har eg byrja skriva, adresserte til Olav H Hauge. Mest like mange har enda i peisen. Men eitt brev har eg skrive ferdig. Eit kort brev. Brevet byrjar med orda *Kjære Olav H. Ein tanke slo meg her om dagen: eg skal skriva eit brev...* Og det gjorde eg. Dette brevet ligg godt gøymd ein stad i Ulvik, ein stad berre han og eg veit om. Ingen andre i verda vil nokon gong lesa dette brevet. Brevet vart skrive ved kjøkenbordet med den nye gule duken, på eit nytt kvitt ark, på Rossvollen. Slutten på brevet kan de også få vita, det går slik: *Utan deg Olav H, var eg ikkje. Eg veit no at eg òg, ei morgonstund skal få sigla inn på slik ein god, slik ein inderleg god våg. Til Olav H Hauge:*

Den eine gongen

*Eg har òg ein draum,
sukkar ekkoet,
om ein gong
berre den eine gongen
å få ropa
først.*

Takk Olav H. og Erlend O.

Rolf Bjørge, mars 2014

HAUGE OG EG

Av Jon Solem

Kva er det som gjer at enkelte forfattarar blir noko meir enn berre ein blant mange som ein liker godt? Det er eit spørsmål med mange svar, sjølvsagt. Men eg tykkjer det gir meining å tale om det som eit personleg møte, der ikkje berre forfattaren kjem med sitt, men også lesaren. Eit møte der ein umiddelbart eller etter ei tids samvere, skjønner at her er det noko som meir enn allminnelig godt måtar i hop, noko som vert opplevd som veldig relevant, ei identifisering og ei samforståing. I konkrete møte med andre menneske snakkar ein om at det oppstår ein kjemi; eg liker å tenkje på møtet med bestemte forfattarar og forfattarskapar på same måten.

Min inngang til Olav H. Hauge skil seg vel i mangt ikkje så mykje frå dei fleste andre sin. Framfor alt er det jo dikta, sjølvsagt; dei beste av dei er makelause. I tillegg har eg og late meg gripe av livssoga hans. Denne livssoga med dei sterke einskildelementa; dei lange periodane med psykisk sjukdom, og det som hende han relativt seint i livet, då han møtte Bodil. Også det livet han elles levde, der han kombinerte sitt nokså einsame virke som diktar og bokmenneske med yrket som fruktdyrkar, har, overdriven romantisering til tross, noko sterkt fengslende ved seg. Og så denne sterke hugen til bøker og kunnskap, til å grunne på dei store spørsmåla, og sjølvsagt til å dikte; til dei grader gjennomsyra desse tinga livet hans, omtrent frå byrjing til slutt. Denne hugen må ha vore brennande. Nok vart den mildare med åra, men den sleppte aldri taket, var aldri i nærleiken av å gjere det. Har ein lese dagbøkene, er det noko som vanskeleg kan trekkast i tvil.

Ein kan spørje kvar denne hugen kom i frå. Ganske mykje var vel medfødd, då snakkar vi om ei legning, eller kva ein skal kalle det, for grubling og ettertanke, og ein sterk sensibilitet, sjølvsagt. Men kva som har stimulert dette vidare gjennom oppvekst, ungdomstid og inn i vaksenlivet? Eitt er i alle fall sikkert: oppveksten i ein småbrukarfamilie i eit vanleg vestnorsk bygdemiljø gav heller lite av den typen stimulans som vart lærar- eller prestesøner, enn seie akademikarungar og kunstnarbarn, til del. Han måtte finne fram til det sjølv. Utover det kan ein sikkert gi seg til å peike på ei rekkje enkeltelement som har vore med og nøra opp, men mindre truleg kjem fram til noko svar å sette to strekar under. Helst dreier det seg om ein sum av fleire forhold, som i sitt inste vesen er nokså uutgrunneleg, trur eg.

Meir enn å spekulere vidare på dette, kan det vere interessant å spørje seg kva for preg eit slikt utgangspunkt har sett på diktinga, og elles på han som menneske. Finst det særpreg i forfattarskapen og i måten han stod fram for omverda på, som kan settast i samband med dette utgangspunktet og desse rammene han hadde for den dikteriske verksemda? No er vi sjølv sagt over på spørsmål det ville føre alt for langt å gå særleg utførleg inn på. Eg prøver meg likevel med nokre tankar, men her må det sterkt understrekast at eg ikkje gjer krav på å vere korkje særleg systematisk eller uttømmende.

Men altså, for det første: Det at hugen til intellektuelle sysler vart så sterk og varig trur eg mellom anna heng saman med at den ikkje kom som noko sjølv sagt, at den tvert i mot var noko han hadde lote finne fram til sjølv. Det var ikkje eit liv tufta på slik verksemd han var sosialisert inn i. Det fanst ein motstand i omgivnadene som og forplanta seg til han sjølv, ein motstand som i sin mildaste form handla om at omgivnadene ikkje delte denne hugen og ikkje (med unntak) fann den interessant i det heile, men som i ein litt strengare form også handla om direkte motvilje; det var ikkje slikt ein skulle bruke tida si på; ikkje var for mykje grubling bra for sjel og sinn, og i alle høve var det det matnyttige arbeidet som hadde verdi. Motstanden måtte overvinnast, men når det først var gjort (det måtte nok gjerast i fleire omgangar), kom han også ut på andre sida med noko som var enda meir dyrebart, og med ei fornya stadfesting av at dette verkeleg var den vegen han ville gå. Og med ein hug som aldri dovna bort.

For det andre: Det å ha funne fram til noko sjølv kan utvilsamt vere grunnlag for originalitet. Ein går ikkje i ferdigtrakka spor, vert ikkje systematisk skolert; då ser ein også lettare dei alternativa som finst utanom. Ja, om ikkje anna kan ein kome til å snuble oppi dei, nær sagt i vanvare. Og: dei innsiktene ein gjer, enno om dei ikkje er så originale, vert meir inderlege og ekteføyte, nettopp av det ein har tenkt dei fram sjølv. Dette er autodidaktens føremon, men det kan sjølv sagt og vere ein ulempe, mellom anna på den måten at ein kan kome til å gjere stort vesen av ting som andre allereie har tenkt og sagt og skrive mykje om, altså ein slår inn opne dører.

For det tredje: Motstanden fanst i omgivnadene, og eg førestiller meg dei fanst i Hauge sjølv også. Den boklege verksemda vart Hauge sin primære identitet etterkvart, men den braut med dei ideala han var sosialisert inn i, og som han *også* identifiserte seg med. Hauge braut aldri med bygda og med småbrukarlivet. Dermed er bordet duka for ambivalens. Den er lett å etterspore både i diktinga og i dagbøkene, og i intervju o.l. Ein blir liksom aldri heilt trygg

på kvar ein høyrer til, mellom åndsarbeidarane eller dei som driv med ordentleg arbeid. Å kjenne seg heime begge stader må vel sjåast som ein rikdom, men ikkje alltid like enkelt å leve ut i praksis. Sjå nokre meir utdjupande tankar rundt dette i dei neste avsnitta.

For det fjerde: Eit utslag av ambivalensen er ein motvilje, medviten eller umedviten, mot å slutte seg atterhaldslaust til for eksempel ideologiar. Ein er tvisynt og finn seg ikkje utan vidare til rette på barrikadar og liknande. I dagbøkene ser vi til dømes at Hauge ynskjer å ta, og for så vidt også tar, parti i dei mange basketaka i litteraturmiljøa på 60- og 70-talet. Men vi ser og at han sjeldan blir heilt samd med seg sjølv, og at han i alle fall held seg trygt unna forpostane. Det kan jo oppfattast av andre som feigt, at ein vik unna og ikkje står for noko, og det kan også kjennast slik av ein sjølv. Også fleire av dikta speglar vel dette. Men samstundes er det verdt å peike på at slik vegring også inneber ei ganske god vaksinerings mot dogmatiske standpunkt, enn seie dogmatiske ideologiar. Slike kjenner vi så alt for godt frå det siste hundreåret, og eigenskapar som gjer at ein går klar av slike, kan ein vel lett sjå fordelane med.

Til sist har eg lyst til å gå litt inn i nokre refleksjonar Arvid Torgeir Lie har gjort seg. I eit særdeles interessant essay¹ freistar han å sjå Hauge i lys av diktinga og poetikken til svenske Vilhelm Ekelund. Her snakkar han mellom anna om noko han kallar den store psykologien, til forskjell frå den vesle. Den vesle er individorientert og introvert, medan den store løftar seg ut av dette og har ein langt meir sosial og vidtfamnande orientering. I sin minst tiltalende form handlar den vesle psykologien om hovudsakleg å vere opptatt av eigen navle, medan den store handlar om det motsette. Lie plasserer Hauge innanfor den store, og knyter dette ikkje minst då til den tilhøyrsla Hauge hadde i det bygdenorske. Her fann han, seier Lie, mykje av inspirasjonen og det stoffet han trong for å kunne skrive slik han gjorde. Lie siktar då ikkje minst til det Hauge henta frå det folkelege, frå språk, kultur, historie, arbeid – og frå natur og landskap.

Det ligg mykje her, trur eg også. Men det er samstundes eit uhyre samansett bilete. I den bygdenorske mentaliteten finst det ei kraft, som nok var meir framtrekande før, men som framleis finst. I sosiologispråk kan ein kanskje seie at det dreier seg om kodeksar og normer, sjølv om eg ikkje er trygg på at desse omgrepa heilt fangar breidda og djupna i det det er snakk om. Men altså, kodeksar då, om ein vil; desse seier mellom anna at ein ikkje skal framheve seg sjølv, ikkje vere for opptatt av seg sjølv. Dette er i tråd med den nemnte store psykologien. Samstundes er vi jo her i grenselandet til det som gjerne har

merkelappar som jantelov og undertrykkande bygdedyrmekanismar, og ja: dette er nemningar som ikkje er utan relevans. Men dei er også for svart-kvite, for den makta, kan ein kanskje kalle det, som den sosiale fellesskapen på ein liten stad, ei bygd eller ei grend, har over den enkelte, dette som vert skulda for å halde enkeltindividet nede, det handlar også om ei ansvarskjensle og ei forplikting, og at ein skal vite at ein har ein plass. Ein plass innanfor ein fellesskap, og då ein fellesskap som ikkje berre handlar om her og no, men også fortid og framtid. Innanfor denne fellesskapen er ein forplikta på deltaking, ein kan ikkje stille seg utanfor og berre sjå på. Då vert ein ein narr.

Og her trur eg vi er ved nokre av dei djupare kjeldene til den ambivalensen Hauge hadde i seg. Det er interessant noko som kjem fram i Åmås sin biografi, nokre utsegner Hauge skal ha kome med i eit brev etter debutsamlinga, der han sjølvkritisk seier at ikkje noko av innhaldet i *Glør i oska* er hans eige; ”det er gamle visor eller dikt som høyrer bygdi til”. Rett nok var han inne i ein ny sjukdomsperiode då han ytra dette, og soleis meir enn allminneleg svartsynt, men likevel: eg trur dette uttrykker noko som stikk djupt. Kva rett hadde han til å bruke dette folkelege stoffet i sitt eige namn? Hadde han vore ein som stod på utsida av bygda, ein kven som helst folkeminnesamlaren eller kva det skulle vere, hadde ikkje problemet eksistert. Men for Hauge er det ikkje slik. Han står ikkje på utsida, kan ikkje sjå det lokale som objekt, som noko han berre frimodig ausar av i *sitt* diktarprosjekt. Han kjenner seg forplikta på deltaking, kan ikkje stille seg på utsida og berre vere tilskodar og observatør. Denne forpliktinga gjeld ikkje berre andsynes samtida, men også fortida. Det kan opplevast knugande, og som sagt: her ligg røter til ei djup splitting, den kjende Hauge på heile livet. Men ut av dette spenningsfeltet kom også mykje av diktinga. Den er skriva frå innsida av eit sosialt samhald som hadde sine høge fordringar, og i ganske stor grad i ein opplevd strid med desse fordringane, men like fullt: frå innsida. Han braut aldri ut av det. Det gir integritet. Eg trur eg vil seie at det først og fremst er der eg finn *min* Olav H. Hauge, det ved han som gjer han meir relevant for meg enn mest nokon annan forfattar.

Eg skreiv innleiingsvis om tilhøvet til visse forfattarar og forfattarskapar som eit personleg møte, der både forfattar og lesar kjem med sitt. Mykje i mitt liv er heilt annleis enn Hauge sitt, inkludert det at eg lever i ei ganske anna tid. Likevel, det eg har prøvd å skriva litt om her, er slikt som eg kjenner meg att i, som eg tykkjer eg deler med han. På den måten har han hjelpt meg til å forstå kven eg sjølv er. Og så kan det vel vere då, sidan gode møte altså er gjensidige,

at *eg* no også har bruka ganske mykje av meg sjølv til å freiste å forstå han. Det får eg berre be lesaren vere kritisk overberande med.

ⁱ Lie, A.T, 2008: Eit litterært fellesskap. Trykt i: Cappelen, Bodil og Spaans, Ronny (red): *Tid å hausta inn. 31 forfattarar om Olav H. Hauge*. Samlaget.

MITT LIV MED HAUGE

Intervju med felespelaren Knut Hamre frå Folkedal.

Av: Theresa Wallevik

Vangen, 20.03.2014. Klokka er 12:00. Eg og Knut møtest på Ringheim Kafé, med kaffi, svele og småprat. Så ruslar vi vidare til Tre Brør. Eg har førebudd nokre spørsmål, men dei vert raskt lagt bort. I staden samtalar me om alt som fell oss inn. Knut har mykje på hjartet, og syner oss at Olav H. Hauge verkjeleg har tydd mykje for han personleg og kunstnarisk.

Du og Olav var jo nære vener. Korleis vart de kjent?

- *Han var med i Spelemannslaget, og dei hadde jo ulike konsertar. Då var eg berre gutunge. Rundt ti, tolv. Det var fyrste gong eg trefte han.*

Korleis hugsar du fyrste møtet med han? Snakka du med han allereie då?

- *Eg hugsar det ikkje så nøye, det trur eg no vel ikkje. Men det sit veldig att i meg, denne mannen som stod der og las.. med djup og myndig røyst. Da hadde eg lese dikt av han allereie.*

Når tid var de kjent? Reiste du på besøk til han på eige initiativ, eller inviterte han deg?

- *Ja, dette var omtrent på midten, eller slutten av 70-talet. Eg reiste på eige initiativ ja, eg arbeidde i Ulvik på kulturskulen på den tida. Me hadde jo litt program i lag. Han las opp, og eg spelte. Ja, det var forskjellige grunnar til at det blei som det blei..*

Har diktekunsten til Olav hatt påverknad på deg som kunstnar og musikal?

- *Ja, absolutt! Han var så ekstremt kunnskapsrik, ikkje sant. Han såg dei store perspektiva, dei store linjene og samanhengen mellom forskjellige uttrykk. Anten du skriv, eller målar..Både å kunne bruke dei heilt nære ting, samstundes globalt. Eg lærte veldig mykje om det. Der var Olav kjempe god. Skreiv om saget, trea... Og så vidare.*

Så de hadde lange samtalar om kunst?

- *Ja, ja. Heilt klart. Me samtala jo, men han heldt like mykje monologar. Og det var heilt greitt! (ler..) Han var ein lærermeister for meg.*

Har de samarbeida mykje kunstnarisk opp gjennom åra?

- *Ja, mykje var det ikkje. Men det var vel nokon gonger i året? Noko slikt.*

Korleis utvikla venskapen seg? Kom du tett på han privat?

- *Privatperson, det var ikkje så mykje tema. Det var gjerne ein barriere. Men denne krafta, den kunne eg liksom ikkje vore forutan.*

Du snakkar om ei kraft. Olav var oppteken av det åndelege. Kva legg du sjølv i omgrepet "ånd"? Kanskje eit litt vagt spørsmål...

- *Ja, men ikkje mindre viktig. Nei, Olav han var jo oppteken av Rudolf Steiner og antroposofien. Det har eg absolutt vore inspirert av... Han kopla veldig det antroposofiske, det åndelege med kunsten, ikkje sant. At "ånd" gjerne fekk litt større tyding enn den rasjonelle måten og tenkja på.*

Har du ei historie eller hending du har opplevd med Olav som du har lyst og dela med oss? Kanskje ikkje så lett å kome på slik på sparket, men ..

- *Ha ha, jo, kanskje noko humoristisk? (ler..) Vel. Det var jo ei tid han heldt på med Henrik Wergeland si verksamling om Mennesket, Skabelsen og Messias. Den hadde han lese, og var litt fornærma på meg for at eg ikkje hadde lese det. Så var det Gyldendal Forlag som hadde invitert meg på speling, ei veke i etterkant. Då spurde han forlagsmannen om korleis det gjekk med Olav. Da fortalde eg at eg hadde nett vore der og høyrte om Wergeland. Og då svarte han: "Det er to som har lese det verket, det er Olav H. Hauge, Henrik Wergeland, .. og så er det kanskje forlaget!"*

Når han oppdaga ein ny forfattar eller eit verk, merka du entusiasmen frå han?

- *Han var oppteken av ulike litterære epokar i forskjellige periodar. Ja, dersom han til dømes hadde teke fram att ein forfattar som han hadde lese for lenge sidan, fekk han ei ny kveik på det. Rett og slett. Men dette kjem jo fram i dagbøkene.*

Reiste de saman på turar? Eller vart de sitjande mykje inne og snakka?

- *Jo, me var jo ute og gjekk på turar da, veit du. Ikkje nokon lange reiser. Men me reiste no til Bergen.. og Baroniet i Rosendal var me. Elles reiste han jo ikkje så mykje, ein og annan tur til Bergen for å kjøpa bøker ...*

men så forandra vel det seg når Bodil kom. Da fekk han liksom oppleve ein del av stadene han berre hadde lese om.

Var du ofte på besøk i Ulvik ?

- *Ja, det vart i periodar i løpet av året. Og så var no han heim til meg, når han og Bodil fekk seg bil. Eg vart litt hekta på samværet, kan du sei. Det var noko med han, han hadde ei kraft.*

Korleis var ditt fyrste møte med dikta hans? Las du mykje av han?

- *Ja diktinga hans vart eg hekta på når eg var unge, altså. Det var eit bibliotek på folkeskulen i Folkedal på den tida, og eg var så interessert i bøker. Læraren bruka å låna oss bøker. Ein kamerat av meg på nabogarden , han var ein stor Hauge-entusiast, mildt sagt! Og så kom det i radioen, med Glør i Oska, veit du..Han var i det heile veldig mykje i media i 60-åra. Ha las ønskedikt i radioen, blant anna. Det var ei stor oppleving for meg å høyre dette.*

Ja, han budde jo i Ulvik. Det må ha vore spesielt at ein stor poet var så nære heimstaden din.

- *Ja, det var jo berre rett over Ulvikahøgda, det!*

Var det som om Hauge vart ein slags ”mytisk skikkelse” for deg før du hadde møtt han?

- *Ja, heilt klart. Eg sat jo i Folkedal og las dikta han, mens han var i radioen... ikkje sant.*

Kva med Ulvik-samfunnet? Snakka han noko om hans forhold til heimbygda og sambygdingane?

- *Det tok kanskje litt tid før folk skjøna heilt kor stor han var. Og i dei unge åra hadde han jo heilt spesielle interesser, som kanskje ikkje var så lett for andre å skjøne. Han hadde jo reint fysiske relasjonar med folk. Men han kjente seg nok litt einsam i periodar, med alle tankane. Han hadde ikkje så mange å dela med.*

Korleis har dette vore for deg sjølv? Folkedal er vel ikkje akkurat verdas navle?

- *Nei, det kan du sei.(...) Men Granvin, nærbygda, hadde jo eit etablert felespelarmiljø. Det vart derfor litt annleis. Det var verre å prata om*

Schopenhauer og dei tinga.. Ja, det var ikkje daglegdags tale, eller ein del av en daglege praten.

Så var det sjukdomsperiodane hans. Snakka han noko om dette når de var saman?

- *Det var ikkje mykje snakk om nett det. Men det åndelege såg han på som ein kvalitet, ei kraft som han kunne bruka til noko positivt i arbeidet sitt. Han skriv jo litt om dette i dagbøkene, ikkje sant. Han ville ikkje vore det forutan. Men det er no slik, at når ein har slike plager så fylgjer det mykje usikkerheit med. Ein trekk seg gjerne litt tilbake. Både den som har plagene, og dei som er rundt ein.*

Var du med på 80-årsfeiringa på Utne?

- *Ja , eg spelte og Hildegunn Riise las dikt. Det var ein fin fest, og hovudpersonen var jo i eit strålende humør! Det var litt løye nett det med korleis han omgjekk folk. Han kunne plutselig berre glimta til. Han var alt i alt ikkje ein særleg pompøs person, men hadde ein meir jordnær væremåte. Sjølv om han likte å vere midtpunkt i slike lag.*

Var han oppteken av norsk politikk og kva som gjekk føre seg i landet?

- *Tja, det vart vel mest sporadiske ting, som han meinte var noko gale med. Politisk opplevde eg han på venstresida.*

Har du noko kontakt med Bodil Cappelen for tida?

- *Jaddå, det har eg. Eg, ho og Rannveig Læg Reid har reist rundt i lag. Bodil les, eg spelar og Rannveig syng. Det er veldig kjekt. Rannveig tok initiativ til samarbeidet.*

Har du vore mykje involvert i arbeidet med tekstane hans i ettertid?

- *Ja, eg og Hildegunn har jo arbeidt mykje saman. ("Tid å hausta inn") I allfall for nokre år sidan var me svært så aktive, reiste ein del rundt med det prosjektet. Og, det er jo mange som har tonesett dikta hans.*

Ja, korleis opplever du måten tekstane hans vert brukt, reint kunstnarisk?

- *Ja, eg følgjer jo litt med på korleis ting vert gjort. Det er varierende resultat, men det er heilt klart flott at så mange har oppdaga tekstane*

hans. Dei klarar ikkje la vere å arbeide med dei, ikkje sant. Dei må berre prøva å gjere noko ut av det. Men, det er jo klart tosidig det..

Ja, ein må vel akseptere at det alltid vil vere eit brennande ynskje om å prøva ut tekstane hans. Sjølv om dei vert opplevde som ”hellige” for mange...

- *Ja, klart. Sjølv om eg kanskje innerst inne ynskjer meg at tekstane kan berre få vere tekstar, stå litt i fred. Men, det fortel jo om kva kraft og kvalitetar han har, kor stort inntrykk det gjer på folk. Det er heilt utruleg kor mange som har tonesett eller arbeidt på andre måtar med dei tekstane. Heilt enormt!*

For å snakka litt om deg, kva driv du på med for tida?

- *Ja, eg har jo elevane mine. Me hadde masterclass i fjor, og det skal vi ha att no om ikkje så lenge (Master Class Hardanger).*

Skal du vere med på noko arrangement i høve utgjevinga av den komande boka *Kunsten å vera ingenting*?

- *Ja, eg har sagt nei til det. Eg vert med på Haugesenteret, og eit slepp på Det norske Teater. Men eg vil ikkje ha den rolla, å høyre om kva eg sjølv har sagt. ..Nei, det får andre gjere. Men det er no ikkje noko biografi heller da.*

Spelte du noko for Olav når du var heime hjå han då? Greidde du å målbinda han med hardingtonane dine?

- *Nja (ler..) Nei, ikkje noko særleg. Eg hugsar ikkje heilt korleis det vart.. men han las aldri eigne ting til meg. Ein skal ikkje utsletta seg sjølv heilt, men den balansen mellom å vere oppteken av sitt eige, og det eller dei rundt, kan ein lære mykje av. Det var ikkje noko tema hjå Olav, hans eige arbeid. Me snakka om andre ting, filosofi, litteratur, kunst og så vidare. Det er jo ein fin måte å leva på!*

Korleis var opplevinga di av å miste Olav? Saknar du han?

- *Heilt klart eit stort tap, absolutt. Han er mykje sakna. Den siste vinteren skjøna me alle at han skulle snart døy. Han berre venta på våren. Han vart jo 94 år. På dødsleie såg han ut som ein gamal kinesisk Haiku-diktar...*

FRODE G., OLAV H. OG HALLDIS M.

Randi Jåstad

Ein skal ikkje ha lese mykje av Grytten før ein finn ut at han har eit spesielt forhold til bandet The Smiths og låtskrivaren Morrissey. I 2010 gav Frode Grytten ut diktsamlinga *Dronninga er død* (2010) som han skreiv med musikken og tekstane frå *The Queen is dead* av The Smiths som bakteppe og inspirasjon. Grytten sine tekstar er likevel sjølvstendige dikt, som kan lesast lausrivne frå tekstane i *The Queen is dead*.

Diktet ” Berjafлот gravplass” er henta frå denne samlinga:

Berjafлот gravplass

ein skiten soldag i mars
møter eg deg på Berjafлот gravplass
Haldis M og Olav H er på sida di
ein skiten soldag i mars
møter eg deg på Berjafлот gravplass
Halldis M og Olav H er på sida di
mens Morrissey er på mi
Så går vi inn og les på gravsteinane
alle dei *folka* alle dei *liva*
Kvar er dei no?
med sin kjærleik og sitt hat
og emosjonar som eg óg har
dei blei fødde, og så levde dei
det verkar så unødsvitsig
og eg vil berre grina
Og der ligg Dinka, og der ligg Kongen
der ligg Lofso og Lofsen, og der borte ligg bestemor di
der ligg Kjelle vold og Olabok og Storakari og Geitajesus
der ligg Hønsahans og Alfemann og Odda-Elvis
dei blei fødde og så levde dei
det verkar så jævlig urettfeigt
og eg vil berre grina
Og du seier: «Det er den draumen at noko skal opna seg»
og du seier at desse orda er dine
men eg voks opp på
Odda offentlige bibliotek, krimavdelinga
så dei orda har eg hørt før
sikkert hundre gongar (kanskje meir, kanskje mindre)
om du absolutt må skrive prosa/poesi

bruk dine egne ord, ikkje stjel
som om du var sjølve Joggeranaren
(kva er din pers på 10000, eigentlig?)
det finst alltid nokon, ein eller annan stad
med ein diger nase, kva faen veit eg
ein feit professor med briller
som ein kveld ler deg opp i trynet og seier:»Kjempeschmell!»
Og du seier: «Det er så lite som skal til,
og det vesle har hjartet alltid visst-«
men alt det der er bare gammalt piss
som du har rappa få ei biblisbok
(ein psyko fruktbonde, 1908)
Ein skiten soldag i mars
eg møter deg på Berjafлот gravplass
Haldis M og Olav H er på sida di
ein skiten soldag i mars
lat oss gå der vi er velkommen
eg møter deg på Berjafлот gravplass
Haldis M og Olav H er på sida di
men du tapar
for Morrisey er på mi

(Unødvitsig og urettfeigt er ord eg har hørt oddingar bruke, språklige misfostre, sjølvsgagt, men dei er i grunnen ganske tøffe og definitivt nyskapande) merknad frå Grytten under diktet.

Frå *Dronninga er død*, Flamme forlag, Oslo 2010

«Berjafлот gravplass» er interessant på mange måtar, ikkje minst på grunn av dei intertekstuelle relasjonane til forskjellige dikt av Olav H. Hauge og Odda som litterært verkemiddel. Enkelt sagt kan ein seia at intertekstualitet er eit omgrep som fortel korleis alt som er skrive, er del av ein stor tekstvev, der alle typar tekstar kan vevast inn og stå i ulike relasjonar til kvarandre. Omgrepet femner om alt frå plagiat til litterære verkemiddel slik som allusjonar og tekstreferansar.

”Berjafлот gravplass” kommenterer sin eigen plass i den store tekstveven fleire gonger, slik som her:

Og du seier: «Det er den draumen at noko skal opna seg
og du seier at desse orda er dine
men eg voks opp på
Odda offentlige bibliotek, krimavdelinga
så dei orda har eg hørt før
sikkert hundre gongar (kanskje meir, kanskje mindre)/

Her ser vi at diktet ”Det er den draumen” av Olav H. Hauge frå samlinga *Dropar i austavind* frå 1966 vert brukt som referanse. Denne referansen når ut til mange lesarar sidan dette kanskje er det aller mest kjende diktet til Olav H. Hauge. Folk møter dette diktet i ulike samanhengar, slik som konfirmasjonar og bryllaup. Vi kan trygt seia at det er blitt ein del av den felles kulturarven vår.

Alle som skriv, veit at ein alltid ber med seg det ein har høyrte og lese som underlag for det ein sjølv produserer. Mange av kulturuttrykka våre har festa seg som ein del av grunnlaget for personlegdomen og arbeidet vårt, bevisst eller ubevisst. «Berjafлот gravplass» diskuterer diktingsprosessen, om skilnaden mellom etteraping og originalitet: »om du absolutt må skrive prosa/poesi/bruk dine egne ord, ikkje stjel/». Slik forenkler diktet problematikken rundt intertekstualitet, men gjev lesaren samtidig høve til å gjera seg sine egne refleksjonar. Kva er ekte og kva er konstruert? Det finst ikkje eintydig svar på dette. Å bruka og gjenbruka kulturuttrykk kan vera med å utvida tolkinga av tekstane, eller vera med å opna tekstane for ulike typar lesarar.

I eit foredrag i regi av Venelaget Olav H. Hauge i Bergen hausten 2013 hevda Grytten at alle forfattarar har sin eigen geografi. Hans eige geografiske univers inkluderte alt han hadde lese, alle filmene han hadde sett, musikken han hadde høyrte osv. i tillegg til den konkrete heimstaden Odda, med sin natur og kultur. Olav H. Hauge hadde Ulvik som sitt geografiske utgangspunkt. I tillegg hadde han heile bokhylla si med klassikarar frå verdslitteraturen og norsk samtidslitteratur. Dette gjev avtrykk i tekstane hans. I Hauge sine tekstar finn ein mange referansar til andre diktarar, slik som i diktet «Les Lu Chi og lag eit dikt» frå samlinga *Spør vinden frå 1971*. I «Odin kjem til rådhuset» finn vi intertekstuelle relasjonar til den norrøne tekstveven. Det finst mange fleire døme, ikkje berre relasjonar til andre diktarar, men også til andre kunstuttrykk. Hauge brukte ulike typar kulturuttrykk som inspirasjon, slik som i diktet «Til eit astrupbilete» frå samlinga *På ørnetuva* frå 1961. I tillegg ser vi ofte lokale ord og uttrykk som viser oss samanhengen med det lokale i Ulvik og Hardanger, både i stadnamn og innhald. «Gjer ein annan mann ei beine» frå *Seint rodnar skog i djuvet* frå 1956 er eitt av mange døme på dette.

Grytten sitt geografiske univers finn ein igjen på mange vis i ”Berjafлот gravplass”. Diktet er stadfesta til Odda. Ein gravplass med dette namnet finst verkeleg i Odda. Samtidig er gravplass ein arketypisk lokalisasjon, ein plass der dei eksistensielle sidene ved liv og død er svært tydelege. Slik kan ein sjå ei utviding frå det lokale til det universelle.

Oddadialekten blir teken godt vare på i diktet. Grytten brukar kallenamn frå Odda, slik som Dinka, Lofso, Odda-Elvis med fleire. I tillegg brukar han bannord som oddadialekten er rik på. Han har også fletta inn to spesielle adjektiv som ikkje blir brukte andre stader enn i Odda, jamfør kommentarane til Grytten etter diktet. *Unødvitsig* og *urettfeigt* er sette saman av vanlege adjektivuttrykk på nye måtar slik at det gir ein humoristisk effekt.

Odda offentlige bibliotek har vore ein svært viktig institusjon for oddingar og deira kulturelle identitet. Bibliotekar Dordei Råen blei vide kjent for det moderne og opne biblioteket ho bygde opp i Odda. Det vart vurdert som eit av dei beste i landet. «Biblis» kalla oddingane biblioteket sitt. Det heldt til i Det gamle rådhuset. Her har mange oddingar kunna henta seg mykje kunnskap og allmenndanning.

Diktet har og ei slags tidfesting. ”ein skitten soldag i mars” opnar diktet i første strofa. Denne verselinja finn vi igjen som førstelinje i siste strofa også. Alliterasjonen med s-ane i skiten soldag kviskrar fram eit motsetnadsfylt poetisk bilete. Månaden mars ber i seg von om vår, men også restar av vinter. Denne doble tydinga skaper ei stemning som både er optimistisk og melankolsk. I tillegg opnar denne linja opp relasjonar til haugediktet ”Soldag i mars” frå samlinga *Spør vinden* (1971):

SOLDAG I MARS

Endåtil vindhanen snur seg etter soli ein slik dag.
Det må vera vår. Utanfor kjellarmuren har katten
funne seg ei livd krå: Han søv visst, , men yver
busti godt ut, og har drege labbane
godt innunder seg. Ei fluge er lokka ut
or ei sprekke i den varme bordveggen – tek

til å surra: Ho stivnar snart. Det er for kaldt.

Tematikken rundt overgangen frå vinter til vår er felles for begge dikta. Hauge teiknar eit poetisk bilete av sårbare dyr i årstidsskiftet, medan Grytten brukar menneske.

Motivet i diktet til Grytten er eit møte mellom eit lyrisk «eg» og eit lyrisk «du» som ruslar rundt på gravplassen og reflekterer over liv og død. Dei to har ulik smak når det gjeld litteratur. Grytten rissar opp ein motsetnad mellom to ulike tekstunivers; ”Halldis M og Olav H er på sida di” «mens Morrisey er på mi». Dei kanoniserte norske diktarane Halldis Moren Vesaas og Olav H. Hauge

vert kontrasterte med Morrissey, som høyrer til den moderne popkulturen. Det lyriske «eg» og det lyriske «du» vert presenterte som tilhengjarar av ulike kulturar. Likevel smeltar dei saman i kjærleik i siste strofa: ”la oss gå der vi er lykkelig”, og heilt til sist: »la oss gå der vi er velkommen». Denne siste linja kan vel tolkast på mange måtar. Kanskje kan ein lesa det slik at tilhøvet mellom lesar og tekst er tosidig. Tekstane må opna seg i møte med ein lesar, eller magien blir til i møte mellom individ og kulturuttrykk. Kanskje kan ein tolka inn ein aksept for at dei popkulturelle uttrykka er like viktige for folk som dei kanoniserte tekstane. /»men du tapar/for Morrissey er på mi» kan jamvel tolkast som om popkulturen har overtaket.

Også i den nest siste strofa finn ein sitat frå Olav H. Hauge:...”og det er så lite som skal til,/Og det vesle har hjartet alltid visst.» Tekstreferansen er klar. Den viser til det kjende haugediktet ” Når det kjem til stykket”, frå *Dikt i samling* (1981):

År ut og år inn har du site bøygd yver bøkene,
du har samla deg meir kunnskap
enn du treng til ni liv.
Når det kjem til stykket, er det so lite som skal til, og det vesle har hjarta alltid visst.
I Egypt hadde guden for lærdom
hovud som ei ape.

Denne tekstreferansen vert handsama dobbelt: –”det er bare gammalt piss” gir uttrykk for likesæle når det gjeld den kanoniserte litteraturen, men i siste strofa snur stemninga: ”la oss gå der vi er lykkelig”. Slik eg les diktet, får Grytten her fram at det viktigaste med litteraturen eller kulturuttrykk generelt, er at dei skal tala til hjarta hjå lesarane, og at både dei kanoniserte og dei popkulturelle tekstane har sin verdi i den store tekstveven. ”Når det kjem til stykket” handlar nettopp om skilnaden mellom lærdom og visdom, eller det tillærte i motsetnad til visdommen som livet gir.

”Berjafлот gravplass” har svært lite teiknsetjing. Det har heller ikkje tradisjonell strofeinndeling eller avsnitt. Den jamstellande konjunksjonen *og* bind saman delane til ein heilskap som ikkje har nokon start eller ende, alt heng saman i ei evig rørsle, både innan dette einskilde diktet og innan den store tekstveven. Den same dynamikken og rørsla finn vi også i den evige sirkelen av liv og død som gravplassen minner oss om.

OMSETJINGAR AV DAGBOK, I UTVAL.

Bodil Cappelen informerer om arbeidet med eit lite utval av ”*Dagbok 1924-1994*” for den utanlandske marknaden. Her er status i arbeidet:

”Eg fekk ideen om å lage eit utval for den utanlandske marknaden hausten 2012. Då ville eg ha med meir av det Olav skriv om verdslitteraturen, og mindre om norske forfattarar og tilhøve. Eg måtte skriva teksten om på bokmål for å lette arbeidet for omsetjarane. Men det er ikkje meininga at utvalet på bokmål skal verte gjeve ut her i landet!

”Kristin Helle-Valle gjorde jo eit godt arbeid i samband med Hauge-jubileet 2008, med å finne omsetjarar i mange land til Hauges lyrikk. Dei har eg spurt om å omsetje dette utvalet. Alle vil gjerne, men i nokre land slit dei med å finne forlag. T.d. i Italia.”

Tysk:

”Det fyrste som kjem ut er Klaus Anders si omsetjing. Klaus har valt ut det han synest bør med av omtalar om tyske forfattarar. Boka kjem i haust, på Rugerup Verlag, same forlag som gav ut ”Gesammelte Gedichte” i 2012.”

Engelsk:

”Omsetjinga av dagbokutvalet til engelsk er ferdig, med Olav Grinde som omsetjar. Manuset kan ikkje sendast til eit forlag i England enno, før White Pine Press i USA har nytta delar av prosateksten. Dette har med rettar å gjere. Dennis Maloney (forleggjaren), set saman dikt og dagboktekstar frå same periode i denne utgjevinga. Olav Grinde held framleis på med diktomsetjingane, med mi rettleiing. Om denne boka kjem i 2014 eller i 2015, veit eg ikkje.”

Kinesisk:

”Den engelske omsetjinga av dagbokutvalet er no gått vidare til den kinesiske diktaren Xi Chüan. Kina-eksperten Harald Böckmann skal samarbeide med han om gjendikting til kinesisk.”

Fransk:

”Vår gamle venn” Francois Monnet har mange kjenningar i Ulvik. Han og forfattar Francois Graveline held på og omset tekstar frå den norske og engelske teksten til fransk.

Sør-koreansk:

”Hwasue Warberg, som òg omsette dikt til boka som kom i 2008, har omsett til sørkoreansk, men slit med å finne forlag.”

Svensk:

”I Sverige omsett Lars Molin og reknar med å vere klar til å gi ut boka 2014 eller 2015 på Molin & Sorgenfrei förlag.”

Venelaget ynskjer Bodil lukke til vidare med arbeidet!

Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge.
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad. Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst to nummer.
5. Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga og ein medlem til styret for Ulvik Festivalutvikling KF. Det skal veljast varafolk for desse to. Styret vel desse internt.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skripar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val kvart årsmøte. Dei andre i styret vert valde for to periodar, medan varafolk vert valde på kvart årsmøte. Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Ulvik Poesifest". Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. I innkallinga får medlemene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn (revisor) etter framlegg frå styret. Vala er for to år.
8. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Framlegg til vedtektsendring skal sendast skriftleg til alle medlemmer minst 1 mnd før årsmøtet. Alle medlemmer har høve til å senda inn skriftelege merknadar som vert lesne opp for årsmøtedeltakarane. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til Haugesenteret i Ulvik, starta i 2011.

Samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21.8.1999 på Elvatun, Ulvik.
Endra på årsmøtet 15.september 2012 på Elvatun, Ulvik.

Theresa Wallevik
i kvitt skjorte
lister: regnet grønn

STYRET OG ADRESSER

På årsmøte på Elvatun, laurdag 15. september 2012, vart dette styret valt:

- Leiar: Theresa Wallevik, Bergen
- Styremedlem: Eivind Berge, Bergen
- Styremedlem: Randi Jåstad, Øystese
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss (representant i styret for Haugestiftinga)

Varafolk:

- Torbjørg Austrud, Ulvik
- Terje Hjartnes, Ulvik

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Theresa Wallevik
Breistølen 22A
5034 Bergen
Tlf: 91147716

Redaktør for medlemsheftet:

Theresa Wallevik • E-post: post@venelagethauge.no

Fundes de klake uve
Olav H. Hauge